

Referat frå møte i Cittaslowrådet 03.9.2025 kl 19.00 – 21.

Møterom Finse, Sentrumsbygget

Desse møte:

Frå Ulvik herad: Mona H Hellesnes

Frå kultur: Haugesenteret – Jorid Lekve Eide (rådsleiar)

Frå frivillige lag og organisasjonar: Ulvik bygdekvinneleg - Gunne Stana Dolve

Frå Ulvik næringslag – Nils Brandstveit

Frå Hardanger produksjonsskule – Håkon Gjerde

Frå Ulvik heradsstyre – Linn L. Skeie og Magrete G Øydvin

Frå Ulvik og Eidfjord bondelag - Einar Langballe

Frå Ulvik barnehage - Sonja Haugland

Frå Brakanes skule – Anne Hjelmevoll

Observatør Ingrid Prestegard, fellesprosjekt Ulvik og Eidfjord (til kl 20)

Forfall: Kjartan Fjelde frå Ulvik idrettsråd, Inga Hjeltnes og Anna Kristina Batta Solheim frå Ungdomsrådet. Julie Gyllander frå Slow Food Hardanger,

Sak 26/25 og 27/25 vart handsama etter sak 28/25 då Ingrid Prestegard måtte gå kl 20.

Saksliste

24/25 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkallinga og saklista vart godkjent

25/25 Referat frå førre møte, 1. april

Referatet vart godkjent.

26/25 Evaluering av jubileumsfesten Cittaslowbygda 10 år

Jubileumsfesten markerte Ulvik sitt 10 år lange medlemskap i det internasjonale Cittaslow-nettverket. Arrangementet var gratis og ope for alle i bygda, etter påmelding. Det var i det heile 104 påmelde, av desse var 20 born under 12 år. Positivt med god fordeling på alder mellom deltakarane. Det var i utgangspunktet planlagd som eit utandørsarrangement på Allmenningen, men vërmeldinga gjorde at vi flytta det til Elvatun.

Brakanes hotel leverte lammegryte med råvarer frå produsentar i regionen, og Omsorgstunet leverte eplekaka til dessert. Brød frå Kådn & Alde, plommer frå Opheim og eplemost frå Hardanger saft og siderfabrikk var tilbehøyr. Blomar frå Undeland Gard pynta opp alle borda. Mona og Jorid leia arrangementet som hadde eit variert, men konsentrert program. Her var opningssong av Unni Solem, allsong, tale frå rådsleiar og filmvising av Ulvik-filmar som rådet har fått laga tidlegare. Ordførar, som og er Vice President i Cittaslow International, kom med helsing.

Tilbakemeldingane frå deltakarane var gode. Fleire vart kjend med kva Cittaslow står for og kan bety for bygda. Programmet var romsleg nok, med god tid til drøs rundt borda.

27/25 Gjennomføring av andre tiltak i jubileumsåret

Cittaslowrådet har, i tillegg til jubileumsfesten, fått støtte til innkjøp av fleire bord og stolar for bruk til arrangement ute. Dette er kjøpt inn, i tråd med budsjettamma. 5 bord og 40 stolar er no på plass på lageret i Holmen.

Vidare har skule og barnehage fått kr 30.000 til VilVite vitensshow og læringsprogram. Det er og budsjettet med kr 15.000 til fleire julelys i sentrum og kr 50.000 til informasjonsmateriell om Cittaslow-bygda.

Drøfting i møtet:

Store handlenett av god kvalitet som bygdafolk og gjester kan nytta. Næringslaget og evt andre kan selja dette hjå seg. Me bør i tillegg vurdere anna trykt materiell.

Vedtak:

Mona og Jorid utarbeidar fleire alternativ til informasjonsmateriell og legg det fram for rådet i neste møte.

28/25 Haustferieprogram Ulvik og Eidfjord, inkludert Oktobertorget.

Fellesprosjektet Ulvik og Eidfjord, med Ingrid som prosjektleiar, har laga eit felles haustferieprogram for heile veke 41. Oktobertorghelga 3. – 5. oktober er Ulvik i fokus, helga etterpå Eidfjord. Det er laga eiga nettside knytt til Visit Hardangerfjord, med tittel «Haustfagn», der ein finn heile programmet og meir info. Sjå

<https://hardangerfjord.com/artikler/reisetips/haustfagn---ei-innhaldsrik-haustferieveka-med-noko-for-alle>

Mona har sendt ut invitasjon til utstillarar på torget og fleire har meldt seg.

Innspel i møtet:

- Ingrid bad rådet ta stilling til om ein vil ha eigen plakat for Oktobertorg eller om det er nok med haustfagn-plakat
- Cittaslow-stand må vere bemanna, med konkurransar og innhald som i fjor
- Ein frå teknisk etat som kan ordne med straum, bos og anna praktisk må vera tilstades under heile torgdagen.
- Scene sentralt på torget. Her bør ha ein ha ein konferansier som kan presentere innslag og utstillarar gjennom dagen.

Vedtak:

- Haustfagn blir einaste plakat, ingen eigen for Oktobertorg
- Mona lagar vaktliste for Cittaslow-stand på torget der alle tar kvar si økt
- Mona avklarar at ein person frå teknisk kan vere med
- Torbjørg Austrud, alternativt Kyrre Manger blir spurt om å vere konferansier

29/25 Arbeidsgruppe adventhelg

Oppslutnaden om adventshelga har vore god etter endringane i programmet med jolegateopning laurdag i staden for fredag. Arrangementet i år blir om lag det same. Brakanes hotel arrangerer jolekonsert i kyrkja laurdag ettermiddag, og har jolebord same kveld. Ungdommen bør involverast meir. Ann Merethe Hjortland, ansvarleg for ungdomsklubben Amaron, bør slik sett vere med i planlegginga og i arbeidsgruppa.

Vedtak:

Ingrid, Jorid, Mona, og ein frå næringslaget er med i arbeidsgruppa. Rådet vil spørja Ann Merethe om også å bli med.

29/25 Nytt frå heradet

Nærings- og reiselivssjef informerte om:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel er ute på høyring med frist 8. september. Denne planen er styrande for utviklinga i Ulvik i mange år framover, og det er viktig at alle bidrar til at den blir best mogleg. Send høyringsinnspel.
- Budsjettprosessen er starta i administrasjonen, og det er innstrammingar i drifta på alle einingane. Stramme rammer gjer dette naudsynt.
- Brakaneskonferansen 23. oktober: bedriftskonferanse i samarbeid med Hardanger og Voss næringshage og Ulvik næringslag. For og med næringslivet i regionen. Info og påmelding her: <https://hardangervoss.no/arrangement/velkommen-til-brakaneskonferansen-2025/>
- Bygda hadde besøk av eit nytt rederi som ikkje har vore i Ulvik før, med representasjon frå heradet på plakettutveksling om bord i skipet. Rederiet sine Viking-skip er nye, med moderne fasilitetar både på styrings- og tryggleikssystem og miljø.

- Det er kontakt med ein mogleg kandidat for å drive Joker-butikk i lokala til Plato AS, men inga avklaring per no. Om de har andre interessantar ta gjerne kontakt med Mona.
- I eit samarbeid mellom Flyktningtenesta og næring er det starta norskkurs for framandspråklege ein kveld i veka i Ulvik, i kombinasjon med digital rettleiing og øving mellom samlingane. Dette er eit godt tilbod til tilsette i lokale bedrifter som ikkje har lært seg norsk.

30/25 Open post

Bygdekvinnelaget:

- har fått 40.000 kr til friluftsglede og inkludering. Gjennomførte tur i Åsen 19. aug der både nordmenn og ukrainarar deltok. Positiv respons og hyggeleg tur.
- Kurs i pøselaging 23. september

Haugesenteret

- Haugesenteret jobbar med ny utstilling for boksamlinga til Hauge i den gamle heradsstyresalen. Det blir opning i oktober.
- Kulturprogram for hausten er klart og ligg ute på nynorsk.no
- Finn Måge kjem med ny Pomologi-bok på Skald forlag. Lanseringsfest på Haugesenteret 8. oktober.
- Rådet for Nynorsk kultursentrum kjem på besøk 24. september

Hjeltnes fagskule og produksjonsskule

- Hjeltnes er godt i gang med hausten og har fått ein fin gjeng på produksjonsskulen.
- Det blir marknadsdag 11. september
- Fagskulen skal delta på matkulturfestival i Bergen
- Arrangerer også i år jolemarknad på skulen.

Ulvik barnehage

- Hausten godt i gang med gode aktivitetar for alle aldersgrupper. Dei eldste hadde besøk av ei gruppe frå Japan, med norsk tolk. Veldig kjekt, med song, forteljing og papirbretting (origami) for alle.

Brakanes skule

- Brakanes skule er godt i gang med hausten, og har gjennomført både turdag og leirskule på Finse.
- Veldig kjekt å komme tilbake frå sommarferie til 3 nyoppussa klasserom.

Ulvik Bondelag

- Bondelaget arrangerer open gard på Vambheim i haust. Kjem tilbake med meir informasjon.

Neste møte er 4. november kl 19 – 21 i møterom Finse (same som tidlegare), Sentrumsbygget.

Referent:

Mona H Hellesnes, sekretær Cittaslowrådet